



Skolerte Uskedal-frisørar skolerer seg enda meir i Rosendal: Klara Bakke, Janne Hjelmeland, Aud Christin Huke og Linn Helen Fausk. Janne jobbar i Trend på Husnes, dei andre tre i Zjakk i Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det kan ikkje vera tvil om at Uskedalen har eit frisør-korps på eit høgt fagleg nivå, og frisørane legg stor vekt på å skolera seg ytterlegare.

Denne helga har fire av dei såleis delteke i eit klyppeteknisk kurs på Rosendal Fjordhotell. Kurset var organisert av ein leverandør og det stoppar slett ikkje med dette: I slutten av månaden skal tre av Uskedal-frisørane vera med i eit kurs i ny mote og styling i Haugesund.

Som "Uskedal-frisørar" definerer vi her både dei som har jobb i den lokale salong Zjakk utan at dei nødvendigvis bur her og dei som bur i Uskedalen men har jobb ein annan stad, til dømes i Trend på Husnes.

De fire som kursa seg denne gongen og som kjem inn under desse to "kategoriane" utgjorde faktisk ein tredel av heile deltakarflokket! Det var nemlig 12 deltakarar på kurset.

- Det er svært viktig å satsa på eigenutvikling og oppdatera seg både når det gjeld motetrendar og det som går på det reinte "tekniske", seier Klara Bakke i Zjakk til uskedalen.no
I neste omgang kjem det i høgste grad kundane til gode.

Av Ola Matti Mathisen